

Flora kommune
v/ ordførar Ola Teigen
6900 Florø

Florø, 25.01.19

Næringsareal og kommunikasjonar

Styret i FIN ser ein klar samanheng mellom næringsareal og kommunikasjonar / transport. Fleire av dei tilgjengelege areala i kommunen har ein svært vanskeleg og kronglete tilkomst. Dette gjeld spesielt sambandet mellom Gunhildvågen og Fugleskjærskaiia samt austover ut av sentrum, der ein må køyre gjennom Markegata og Lindheimsvegen / Stadionbakken.

Styret i FIN vil difor på det sterkaste oppfordre kommunen om å få fortgang i å utbetre dei flaskehalsane som er på desse vegstrekingane. Vi er kjende med at reguleringsplanen for Lindheimsvegen / Stadionbakken er på plass, og då er det viktig å få effektuert dette vedtaket moa. ved å få fylket i gang med sin del av arbeidet, slik at næringslivet og andre trafikkantar kan ferdast på enkel og trygg måte. Victoria krysset er også eit stort hinder for bruk av Kinnvegen som tilkomst til og frå Gunhildvågen

Når det gjeld utbetring av Markegata, som må inn i NTP, må kommunen vere i forkant og arbeide aktivt for å få dette prosjektet inn i NTP ved neste rullering, og legge klare planar for korleis ein kan få på plass ei naudsynt delfinansiering lokalt for å få gjennomført prosjektet så raskt som råd er.

Vi vil til slutt oppfordre kommunen om å oppdatere lista over tilgjengeleg næringsareal som ligg ute på kommunen si nettside. Dette er viktig informasjon som dessverre er utdatert for mange år sidan.

For styret i Flora Industri og Næringsforening



Gustav Johan Nydal
Styreleiar

Kopi: Aksello, v/ Lone Bareksten